



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
15.07.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7405
Dykkar referanse

Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Inspeksjonsrapport for Kvamskogen vassbehandlingsanlegg 1. juni 2016

Rapportnummer: 2016.039.I.FMHO

Kontaktpersoner ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Nils Eivind Stranden
Erling Eid

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjonen ved Kvamskogen vassbehandlingsanlegg 1. juni 2016. Rapporten er endeleg, dersom vi ikkje får melding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka ikkje avvik, men har gitt 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll
- utsleppskontroll

Merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Fylkesmannen avdekka ingen avvik innan dei kontrollerte tema. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Med helsing

Sissel Storebø
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kvam herad Grovagjelet 16 5600 Nordheimsund

1. Informasjon om verksemda

Namn: Kvamskogen vassverk	Risikoklasse: 3
Besøks- og postadresse: Kvamskogen- Kvam herad Grovagjelet 16 5600 Norheimsund	
E-post: postmottak@kvam.kommune.no nilstr@kvam.kommune.no	Telefon: 56 55 30 00 56553187/95942881
Kommune: Kvam	Organisasjonsnr.:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130	Eigar (org.nr.): 944233199
Løyve gitt: 22.01.2013	Siste tilsyn:

2. Bakgrunn for kontrollen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og produktkontrolllova blir haldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- bruk av kjemikaliar
- handtering av avfall/farleg avfall
- utsleppskontroll

Rapporten omhandlar merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

3. Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen avsluttar med dette tilsynet.

4. Kontrollgebyr

Kvamskogen vassbehandlingsanlegg skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for allmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova § 7 om plikt til å unngå forureining
- produktkontrolllova § 3 om plikt til å vise varsemd
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- løyve av 22. januar 2013

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi avdekka ingen avvik under inspeksjonen.

8. Merknader

Vi gav 2 merknader under inspeksjonen for følgjande tilhøve:

Merknad 1: Verksemda sine rutinar for måling av utslepp kan betrast.

Kommentarar:

Verksemda sitt utsleppsløyve, datert 22. januar 2013, inneheld krav til dokumentert måleprogram. Måleprogrammet er utarbeida 16. januar 2014 av DIHVA og skal dokumentere at utsleppsvatnet, som blir ført til bekken, ikkje overstiger grenseverdiane som er gitt i løyvet.

I følgje måleprogrammet skal det målast på fritt klor (Cl_2) og total organisk karbon (TOC). Det blei opplyst ved tilsynet at prøver blei tatt då anlegget var nytt, men på grunn av diverse problem med prøvetakinga og oversending av prøver til laboratoriet, har ikkje dette blitt prioritert i seinare tid. Verksemda opplyser at dei skal ta kontakt med DIHVA for å komme i gang med prøvetakinga på nytt.

Merknad 2: Skriftleg rutine for korleis verksemda arbeidar med internkontrollen mangla ved tilsynet.

Kommentarar:

Verksemda mangla skriftleg rutine for korleis kravet om å foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre at han fungerer som planlagd, blir overhalde.

9. Andre forhold

Sikkerhetsdatablad

Vi vil opplyse om at nye krav til sikkerhetsdatablad gjeld i Noreg frå 10. april 2013. Det er til dømes innført nye faresymbol. Dette er gjennomført i samband med Noregs oppfyljing av EU sitt kjemikalierregelverk, REACH. Fleire overgangsordningar gjeld. De må kontakte kjemikalieleverandørane, slik at de er sikra oppdaterte sikkerhetsdatablad etter gjeldande regelverk.

Avfallsdeklarerer.no

I mai 2015 opna avfallsdeklarerer.no, det nye elektroniske systemet for deklarerer av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Les meir på [Miljødirektoratets nettside](#).